



Til sokneråd, kyrkjelege fellesråd, prostar, bispedømeråd

Kyrkjevalet 2015

Utsending av valkort, registrering i valmodul og handtering av supplerande nominasjon

Valkort

I byrjinga av august vert det sendt ut valkort til alle røysteføre medlemar i Den norske kyrkja. Valkorta vert distribuerte i hovudsak i veke 31, og vil nå medlemane før førehandsrøystinga tek til måndag 10. august. På valkortet vil ein finne informasjon om tid og stad for valet, samt oversikt over kandidatane til både soknerådsval og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Nytt i 2015 er at **valkorta vil ha adressene til sokna, - registrerte i Einingsregisteret, som returadresse**. Dette av di sokna kan gjere meir med valkort som kjem i retur, enn Kyrkjerådet. Dei som returnerer valkorta av di dei ikkje er medlem i kyrkja, bør kontaktast slik at dei kan bli tekne ut av medlemsregisteret. Dette er eit ansvar som ligg til den lokale kyrkjebokfører. Vidare kan sokna ha kjennskap til rett adresse til personar som i august ikkje bur på den folkeregistrerte adressa henta ut i juni. Det kan også vere nyttig for sokna å få kjennskap til om det er område i soknet der valkorta ikkje er komne fram og kanskje òg sjå til at adressekvaliteten i soknet blir betre. Dersom valkorta vert returnerte til Kyrkjerådet vert dei berre makulerte. Vi oppmodar med dette alle om å **sjekke at dei registrerte opplysningane i Einingsregisteret (<http://www.brreg.no/>) er korrekte**, og snarast gjere korrigeringar (sjå rundskriv 1 – 2014). **Uttrekk av adresselister vil skje frå og med 10. juni**.

Sokna kan få nokre rekningar frå Posten knytte til retur av valkort. I dei tilfella der valkortet ikkje kjem fram til noka adresse vil dette ikkje koste noko. I dei få tilfella valkortet kjem fram til påtrykt adresse, men mottakaren aktivt returnerer valkortet, vil returporto bli belasta soknet. Kyrkjerådet vil kompensere for dette (sjå avsnittet om økonomi nedanfor).

Påminning – registrering i valmodul

Dei kyrkjelege registra *inkludert valmodulen* har blitt kraftig fornya. No er dei kyrkjelege registra samla på same portal. Det er utarbeidd nye brukarrettleggingar som ligg tilgjengeleg både i registerløysinga (register.kirken.no) og på kyrkjevalet.no (<http://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkevalget/for-medarbeidere/veiledninger/>).

Opplysningar om tid og stad for valet skal leggjast inn i valmodulen **innan 1. juni**. Også opplysningar om kandidatar skal leggjast inn i valmodulen innan same frist (seinast 10.

juni for dei sokna som har supplerande nominasjon). Fristen nærmar seg og vi bed dei som ikkje har byrja registreringa, om å gjere dette. Kyrkjerådet oppmodar alle om å gjere ferdig registreringa så snart som mogeleg. Opplysningar frå sokna skal trykkjast på valkortet slik at alle veljarar får korrekt informasjon om røystekrinsar, vallokale, opningstider og kandidatar. Opplysningane vil òg bli publiserte på kyrkjevalet.no. I tillegg skal opplysningane nyttast ved berekning av tilskot til kvart sokn (ref. punkt 2.1.1.1 s. 22 i valhandboka).

Handtering av supplerande nominasjon


Nytt av året er at supplerande nominasjon også kan verte nytta ved soknerådsvalet. Dette skal berre ha vore gjort dersom nominasjonsnemnda ikkje skaffa nok kandidatar ut frå valreglane (minst talet på faste medlemar og varamedlemar som skal veljast) og det ikkje kom lister frå andre grupper av forslagsstillarar. Dei supplerande kandidatane skal leggast inn i valmodulen og rangerast ut frå ei loddtrekning. Loddtrekninga må gjerast av minst to personar i fellesskap. Det må utarbeidast ein protokoll frå loddtrekninga som minst to personar signerer, og den skal følgje valboka for soknerådsvalet.

Økonomi

Angående økonomi viser vi til rundskriv 4 – 2014. Det vart då skrive at det var vedtatt at 27 mill. kroner skulle gå til sokna. Kyrkjerådet har no funnet det mogleg å auke denne summen til 28 mill. kroner, men denne aukinga må også dekkje eventuelle ekstra utgifter knytte til retur av valkort. Nøyaktige summer til dei enkelte sokna vil bli rekna ut i juni (jf. avsnitt om valmodulen), men rammene gjer at sokna kan planleggje valet på same sett som i 2011.

Oslo, 13. mai 2015


Gerd Karin Røsæg
fung. direktør


Anders Backer-Grøndahl Eide
seniorrådgjevar (prosjektleder Kyrkjevalet 2015)